
Saksnr: 2020/59884-18
Saksbehandlar: Matti Torgersen
Dato: 16.12.2020

Til: Hovudutval for samferdsel og mobilitet
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Tilskot til fylkesvegar som er viktige for fiskeri og akvakultur - Tildeling

Fylkesutvalet handsama i sitt møte 29.9.2020 sak om søknad om tilskot til viktige vegar for fiskeri og akvakultur. Vestland fylkeskommune søkte om 69 mill. kr fordelt på 7 strekningar. Søknaden krev ein fylkeskommunal medfinansiering på 60%.

I brev frå Statens vegvesen, datert 4.12.2020, får vi tilsegn om tilskot til 6 av 7 prosjekt. Det samla tilskotet er på 54 mill. kr noko som vil krevje 81 mill. kr i fylkeskommunal finansiering. I tillegg kjem meirverdiavgift både som ein prosjektkostnad og som finansiering.

Tabellen nedafor syner løyving, inkl. mva og finansiering fordelt på åra 2021-2023:

	2021	2022	2023	Sum
Løyving				
Tilskot stat - 40% inkl mva	14,8	48,1	3,7	66,7
Eigendel VLFK - 60% inkl mva	30,4	67,2	2,5	100,0
Samla løyving inkl mva	45,2	115,3	6,2	166,7
Finansiering				
Mva.kompensasjon	8,6	21,9	1,2	31,7
Tilskot stat	12,0	39,0	3,0	54,0
Lån	24,6	54,4	2,0	81,0
Samla finansiering	45,2	115,3	6,2	166,7

I Budsjett for 2021 er det lagt inn ei løyving på 61,7 mill. kr inkl. mva. som fylkeskommunal eigendel. Då vi har fått god utteljing på vår søknad er det behov for ytterlegare løyvingar til eigendel på til saman 38,3 mill. kr. for åra 2022 og 2023. Fylkesrådmannen vil kome tilbake til korleis dette skal løysast i samband med tertialrapportane i 2021 og arbeidet med økonomiplan for 2022-2025.

Vedlegg:

Tilskot til fylkesvegar som er viktige for næringslivet - Tildeling. Brev frå Statens Vegvesen datert 4. desember 2020